

## Rustad i Ål (gnr. 44)

Rustadr: Rudningsplassen. Ein merker seg elles at ein på 1500-talet også finn namnet skrive "Rudt", 1557, "Rud" 1577, "Rosten" 1586-1599. Først på 1600-talet låg garden til "Liusgaard" og er da kalla "Rud ødegaard".

I skrivne kjelder finn ein garden først omtala i diplom av 1464. det et der fortalt at Erling Tovesen gav fullmakt til frenden sin, Botolf Alfsson, til å søkje halve Rustaden. Frå to år seinare er eit diplom der Guttorm Alfsson og hustru Arngjerd, dotter av Erling Tovesen, vitnar at dei hadde selt halve Rustaden til Botolf.

I 1557-58 er det opplyst at "Rudt 6 kalfsk. 18 mrk. fisk" hadde vore kyrkjegods under Hamarbispnen, men at det da var vorte krongods. Tjuge år seinare er gardnamnet skrivi "rud", og landskylda er oppgitt til 1 hud. I ei liste over "Fru Gyrvilds gods" frå 1586-99 er det under Fåberg ført ein gard med namnet "Rosten" av skyld 1 hud. Etter atter tjuge år er det fortalt at Engebret Olsen på Liusgaard fekk 1. bygsel på "en ødegaard Rud, som mor hans avstod og opplot". "Rud ødegaard" vart framleis brukt under Lysgård også i 1624.

Førti år seinare var det i 1665 bygselbonden Mads, som brukte Rustaden av skyld 1 hud. Mads hadde og garden ved matrikuleringa i 1668. Det er da opplyst at eigarane av garden var i den tid Rodi Cannoni ½ hud og borgarmeistar Nils Lauridzens arvingar ½ hud. Buskapen av store husdyr var da 1 hest og 10 naut, og korntienda vart utreidd med ¼ td., som altså svara til ei årleg avling på 2 ½ td. – det er vidare fortalt om garden i 1668 at enga, innmarka var "temmelig", at det var skog nok til gards bruk, og at "Rustaden" hadde seter og sommararbeite åt krøtera på Nysetra. Ti år seinare går det fram at Rustaden søre var 1 hud og 2 ½ rd. i pemgar, og at Mads framleis var brukar der.

Brukaren Mads, som her er nemnd, var fødd kring 1606 og gift med Anne Syversdtr. Skjeggstad. Truleg var det son deira som seinare some tider er kalla Laurid og andre gonger Lars. – Lars Madsen var død i 1714, og det var da skifte etter han på "Rustaden i Faaberg". Ved dette skiftet utgjorde dødsbuet brutto 110 rd. og netto 96 rd. Om arvingane er det opplyst at Lars hadde ein bror, Even Madsen, og ei søster, Sønnøv Madsdtr. Vidare går det tydeleg fram at Even Madsen hadde 5 born: a. Jens Evensen, b. Marit, c. Anne, d. Kari og e. Eli Evensdøtre.

Den 10. sept. 1710 let Jens Evensen tinglesa skjøtet sitt på "Rustad" i Fåberg av skyld ½ hud, som han hadde kjøpt av "hans Excell. casper Herman Hausmand".

I Jens Evensen si brukartid kom i 1723 det nye matrikkelframlegget av 1723 med fleire opplysningar om gardane. Der er det om "Rustaden" fortalt at garden ligg i sollia "for en del", og at jordarten er "Maadelig, dog noget frostlent". Det er vidare fortalt at det var skog nok til brenneved og gjerdefang og litt til hustømmer. Setra til garden var ei god hamneseter, men det var ingen utslåttar. – Den årlege høyavlinga utgjorde i alt kring 20 lass, og buskapen på garden var da 2 hestar, 11 naut, 10 sauer og 4 geiter. Landskylda av garden var framleis, som i 1668, 1 hud, og den årlege utsæden av korn var ca. 3 tdr. bygg. Det går elles tydeleg fram at Jens Evensen var både eigar og brukar av garden. Elles er det og fortalt at Rustaden da hadde halvdelen av ei bekkevern saman med Storberge.

Frå året etter er ei opplysande sak om sameige og åvirke i Skurvdalen. Saka er elles etter utskrift av tingboka referert slik: "Rustaden ødegård i Fåberg 2. novb. 1724. Åvirke og

eignetrette. Jens Rustaden, Ellef Skaarset, Asbjørn Randgaard, Johannes Holme, Gunder Holme, Peder Hammerseng og Joen Moen kontra Hans Pedersen Fagstad fordi han siste sommer har hugget en del hustømmer søndenfor elven Skurven i Skurvdalen ved den hjemmere ende av Fløemyren, hvilket sted citanterne holder for å være deres gårders hjemraster, da Fagstad har deres udvei nordefter gjennom Klegge Skalet. Thord og Ole Smestad fremstod og opgav å være berettiget til sameiebruk i Skurvdalen. Citaterne svarte at de tilstod Smestad hugst i Skurvdalen for så vidt angår Kurud som hører under Smestad, men ikke for Smestad i sig selv. Citanterne og Hans Fagstad blev således forlikt at Fagstad beholder sin sameiehugst i Skurvdalen, så også det arresterede tømmer og bark. Dog opholder Fagstad et par års tid til å hugge annet enn hva smått kan være. Saken blev dermed opphevet.”

Fjorten år seinare var i 1738 Jens Rustaden død, og det var skifte etter han. Ved dette skiftet utgjorde dødsbuet brutto 199 rd. og netto 170 rd. Arvingane ved skiftet var forutan enka Beret Olsdtr. dei 4 borna i ekteskapet. Av dei var dottera Anne da 20 år, sonen Ole var 18 år, sonen Lars 16 år, og dottera Guri var 13 år. Anne, som var fødd i 1718, vart i 1742 gift med Erik P. Sørhove.

Enka Beret Olsen sat så i uskifta bu og brukte garden inntil vidare. Men i 1747 fekk så den eldste sonen, odelsarvingen Ole Jensen, samsøskenskjøte på Rustaden av skyld 1 hud for kjøpesum 120 rd.

Ole Jensen f. 1720, som da overtok ættegarden, hadde i 1745 gifta seg med Mari Arnesdtr., f. 1716, og dei fekk 6 born. Det var: Jens f. 1750, Arne f. 1753, gift 1788 med Sessel Pedersdtr. Lilleberge, Mari f. 4.1. 1756, død 26/5. s.å., Mari f. 1757, Lars f. 1760, Anne f. 1762, død 1779.

Ole Jensen f.1720 brukte garden til han døde i 1770. Ved skiftet i samband med dødsfallet vart garden ”Rustaden” taksert for 120 rd. , og buet utgjorde brutto 411 rd. og netto 214 rd.

Jens Olsen f. 1750 hadde i 1776 gifta seg med Kari Kristensdtr. Smestad og fekk to år seinare samsøskenskjøte på Rustaden av skyld 1 hud for kjøpesum 300 rd.+ føderåd til mora Mari Arnesdtr.

Jens Olsen og hustru Kari Kristensdtr. fekk 6 born, men berre to av dei levde opp. Det var: 1. Mari f. 1775, gift 1793 med Kristen Eriksen Sørhove, 2. Marit f. 1784, g. 1809 m. Ole Fr. Sundgaarden. – Faren Jens Olsen døde elles alt i 1789 berre 39 år gamal, og det var da atter skifte frå Rustaden. Ved dette skiftet vart garden og verdsett til 300 rd., og dødsbuet brutto utgjorde 542 rd. og netto 248 rd. Av dei 6 borna i ekteskapet var det da berre to i live: Mari, som var 13 år, og Marit, som var 5 år. Enka Kari Kristensdtr. gifta seg i 1789 oppatt med Nils Olsen nedre Midtjørstad. Men i 1794 gav Nils Olsen Rustaden kjøte til Kristen Eriksen Sørhove, som var gift med Mari Jensdtr. Rustaden f. 1775. Kjøpesummen for garden var da 499 rd. 2 ort.

Frå denne tid er ei tinglyst sak som gir fleire opplysningar iser om dei økonomiske tilhøve på garden. Saka, som er eit tingsvitnemål, har i utskrift denne ordlyden: ”Rustaden i Fåberg. 18. juni 1794. Tingsvidne. Kari Christensdtr. Rustaden lot meget ugjerne ved sin Sviger-søn Christen Erichsen og prok. Wiborg angi, at hun til dette ting har innstevnt sin mann Niels Olsen ang. at han, endog overfor bestikkelsesvidnerne har foregitt at deres felles betydelige formue skal være borte, og at han for tiden intet eier, og om han til egen fordel og hennes

skade skjuler og efterhånden avhender deres kapitaler og effekter. De innstevnte vidner hadde været tilstede under en notarialforretning på Rustaden, hvor innstevnte på sin kones spørsmål svarte, at han hadde noen penge til gode hos Anders Aandstad, men det meste var betalt. Vidnerne hadde siden været hos Anders Aandstad, som hadde sagt at han skyldte innstevnte og hans bror 600 rd., hvorav intet var betalt. Vidnerne forklarte videre at Niels Olsen hadde en del korn innlåst under lås og lukke og hadde kjørt bort 16 lass. Vidnerne sa dessuten at citantinnen var en husrådig, påpasselig og brav kone, som ikke ødslet med hva hun hadde under hender. Tingsvidnet blev dermed sluttet.”

Frå same tid er og ei tinglese kvittering frå svigersonen Kristen Eriksen for arv som han hadde tatt imot på vegne av kona si Mari Jensdtr. Rustad. Samtidig gav og svigersonen tinglyst føderådskontrakt tik svigermor si, Kari Kristensdtr.

Kristen Eriksen og Mari Jensdtr. var framleis husbondsfolk på Rustad under folketellinga i 1801. det budde da 2 familiar på og/eller ved Rustaden. Det var: 1. familie: 1. Kristen Eriksen, husbonden, 43 år, 2. Mari Jensdtr., kona hans, 25 år, 3. Anne Kristensdtr., dotter deres, 7 år, 4. Ole Larsen, tenestkar, 23 år, 5. Johannes Larsen, tenestkar, 24 år, 6. Marit Johansdtr., tenestkvinne, 17 år, 6. Mari Arnesdtr., mor til kona, føderådskvinne, 85 år. 2. familie: 1. Lars Olsen, huusmann med jord, 65 år, 2. Anne Johannesdtr., kona hans, 60 år, 3. Rasmus Larsen, son deres, 16 år, 4. Mari Jensdtr., tenestkvinne, 24 år.

Av 28. jan. 1802 er ei kontrakt mellom Kristen Eriksen Rustaden og Jørgen Jensen Storberge om ei sag som dei brukte isaman. – Frå 16 år seinare er ei politisak mot innerst, truleg husmannen , Lars Olsen Rustaden om pålagt, men ikkje utført pliktarbeid på veigen. Saka som sikkert var av stor interesse, er etter utskrift ref. såleis: ”Rustaden i Fåberg. 6. mars 1818. Fogden har innstevnt Lars Olsen Rustaden for atter utvist motvillighet mot å forrette veiarbeide efter tilsigelse. Innstevnte vedgikk å være tilsagt, men mente at han som verken eier jord eller hus, ikke var forpliktet til sådant veiarbeide. Fogden renoncerte på vidner. Innstevnte sa sig villig til å oparbeide det forsømte. Saken optas tildoms.

9. mars 1818. Politisak mot inderst Lars Olsen Rustaden. Dom inf. i dompr. 3 s. 276: Fogden Schults søker ved stevning av 22. fbr. sistl å få inderst Lars Olsen Rustaden tilpliktet å opparbeide 7 dager forsømt veiarbeide. Ifl. irettelagt dom er han mulktert for høstarbeide 1816 og sommer- og høstarbeide 1817. Da strandsiddere, med hvem innstevnte må ansees å stå i klasse, ifl. reskript av 1792 er pliktige til veiarbeide, så kan innstevntes formening ikke antages. Kjennes for rett: Lars Olsen Rustaden bør in natura opparbeide de forsømte 7 dages veiarbeide under mulkt av ½ daler sp. til Fåberg for hver dag han, efter å være tilsagt, sitter denne dom overhørig. Videre bør han for forsømmelse av de tre siste dage bøte 1. spd. til veikassen. Endelig betaler han denne saks omk.”

Kristen Eriksen og Mari Jensdtr. Rustaden hadde, som det tydeleg går fram av manntalet for 1801, ei dotter som heitte Anne. Anne gifta seg med Peder Johannessen Lilleberget, og dei fekk 5 born. Det var: Kristen f. 1821, død ugift, Johannes f. 1824, død ugift ca. 1894, Matea f. 1825, g. 1849 m. Børe Olsen Bjørstad, Mari f. 1829, g.m. Jens Paulsen Sørhove, Karen f. 1833, død ugift.

Frå denne tid er elles matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Rustaden i Ål m.a. fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 3 hestar og 16 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde ca 50 tdr. Det er elles opplyst at det da var 2 husmannsplassar til garden. – Ved matrikuleringa i 1839 vart matr.skylda på Rustaden, som før hadde vore 1 hud,

omrekna og justert til 5 skylddalar 3 ort 11 skilling. Eigar og brukar av garden var da Peder Johannessen Rustad.

Elleve år seinare gav i 1850 Peder Johannessen skjøte til Børe Olsen f. Bjørstad, som var gift med Matea Pedersdtr. Rustaden. – I Børe Olsen si brukartid var det i 1861 utskifting av seterskog på Nysetra.

I Børe Olsen si brukartid var og dei store folke- og jordbrukstellingane i 1865. Med dei som kjelde går det fram at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på Rustaden i den tid var 213 mål, og av dette var 78 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det fortalt at buskapen på sjølve hovudbruket Rustad da var 5 hestar, 19 storfe og 28 småfe, men dertil var det på husmannsplassane til garden 5 storfe og 9 småfe. Først på same måten er det vidare fortalt at utsæden på sjølve garden var 10 tdr. korn og 8 tdr. settepoteter, men dertil var det på husmannsplassane til garden sådd og sett 2 ¼ td. korn og 2 ½ td. poteter.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matr.skyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. – Rustaden i Ål fekk da gardsnr. 44 av skyld 9,85 mark, og det var i 1886 enda berre eitt bruksnr. under gardsnr. 44 Rustaden søndre, som gardnamnet der er skrivne. Eigar og brukar av garden var framleis Børe Olsen.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det da Albert Børresen som hadde overtatt Rustaden, framleis av skyld 9,85 mark. Av det komm. manntal for 1901 går det elles fram at Albert Børresen Rustad, da var 31 år, og Kristen Børresen Rustad, som er oppført som gardbrukar, var 50 år. Even Olsen Rustadstuen var da 28 år og husmann på Rustad. Framleis husmann på garden var og Johannes Kristensen Suggesterud, som da var 61 år. – Seks år seinare gav i 1907 Børe Olsens enke Mathea Pedersdtr. Rustad skjøte til Nicolai Jemtland på br.nr. 1 Rustaden søndre for kjøpesum kr. 13000,- og av det for buskap og lausøre kr. 6200,- og for føderåd av 5-årleg verdi kr. 2150,-.

Frå denne tid vart etter kvart fleire parsellar av skyldsette ifrå og unnaselde garden. – I 1910 fekk såleis Arne S. Hanestad og arvingar festebrev på gr.nr. 44 br.nr. 2 Sjøheim mot årleg grunnleige kr. 17,-. I 1916 kjøpte brukseigar O. A. Larsen br.nr. 3 Holte av skyld 0,01 mark, og tre år seinare kjøpte i 1919 Thor Kjølgård br.nr. 4 Suggesterud av skyld 0,03 mark. Same året kjøpte og fru Lovise Aass br.nr. 6 Solhaugen, og Nasjonalforeningens søstre kjøpte br.nr. 7 Vidsyn, skyld 0,02 mark. Br.nr. 5 Skogstua vart i 1926 seld til Arndis Mæhlingen, og fem år seinare kjøpte i 1931 Even Rustadstuen gr.nr. 44, br.nr. 8 Rustadstuen av skyld 0,35 mark. I 1933 vart br.nr. 9 Lia av skyld 0,07 mark og brn. 10 Sugrudlykkja av skyld 0,14 mark overtatt av N. Jemtland.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det såleis vorte 10 bruksnummer under gardsnr. 44 Rustaden. Av desse 10 bruksnr. var det likevel berre 2 bruk som da hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: 1. Gr.nr. 44, br.nr. 1 Rustaden med Rolv Vestad som eigar og brukar og med eit jordbr. areal på ca. 200 mål, 2. Br.nr. 8 Rustadstuen, areal ca. 30 mål, eigar og brukar: Den kjende skiløparen Arne Rustadstuen.